



Nordhordland Veteranbåtlag

POSTBOKS 26 • 5991 OSTEREIDET • www.oster.no • KONTO 3640 07 25211 • ORGNR. NO 983 395 430 MVA

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Ostereidet, 21. mars 2016

D/S OSTER – Søknad om støtte til kulturvern

Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) vil takka Radøy kommune for tidlegare støtte for å restaurere, vedlikehalde og trygge båten si framtid som operativt maritimt kulturminne i Bergen-Nordhordland regionen. Driftssesongen 2015 var god for D/S OSTER, og båten ligg no i vinteropplag.

D/S OSTER er eit viktig innslag i heile regionen der båten bidreg til fremming av eit levande maritimt miljø, og til utbreiing og oppbygging av maritim interesse og kompetanse. Gjennom "open båt" ved kaien i Bergen, eller gjennom informasjon og aktivitetar på sine turar til fleire kommunar i området er D/S OSTER eit operativt maritimt kulturminne som bidreg til å styrke det maritime miljø i regionen. I om lag fire månader av året (mai - september) blir D/S OSTER leigd ut til ulike arrangement, både private og opne for alle.

Som det framgår av vedlagt årsmelding for 2015 så gjekk Laget med eit underskot i storleiksorden det same som avskriving av båt og driftsmidlar. NHVL har sidan båten vart erklært ferdig restaurert i 2005 imidlertid klart å byggje opp eit fond, "kjelgefondet", med eige styre og vedtekter som forsikring for skade og havari av dampkjelen. Dette fondet kan ikkje nyttast til anna vedlikehald, og skal vere ei sikkerheit for at båten ikkje skal miste ein heil driftsesong dersom uhellet skulle vere ute, eller alderen på kjelen krev utskifting.

Som det framgår av vedlagt liste over reparasjonar og utbetringar/nødvendig nytt utstyr som må gjerast før seglingssesongen startar i mai 2016, så stipulerer vi materialkostnader og innleid arbeidstid til om lag kr 493.350. Med takk for tidlegare støtte så vender NHVL seg etter til Radøy kommune med førespurnad om eit tilskot i storleiksorden **kr. 5.000**. Vi vil som alltid vere interessert i tilbakemelding frå kommunen om de ønskjer eit opplegg med D/S OSTER i samanheng med lokale arrangement eller maritime/kulturhistoriske undervisingplanar.

Med vennleg helsing

Tor Johannes Bjørgaas, sign.
Leiar i NHVL

Kjell Nedreaas
Koordinator for finansiering og økonomi

- Vedlegg:
- 1. Større prosjektkostnader fram til sesongen 2016
 - 2-4. Tilbod på arbeid og utstyr
 - 5. Årsmelding 2015
 - 6. Kalender 2016